



# Sommarbrev frå valkamputvalet

## Viktige datoar i tida framover

### **Onsdag 26.juli**

#### **Trygve Slagsvold**

**Vedum** kjem til Hordaland med turnebussen, langstopp på Stord frå kl. 15. Vi har bestilt fint ver og god stemning og masse Sp- folk rundt partileiaren.

### **Laurdag 5.august**

Valkampopning i Bergen med «Nær -folk aksjon», Stand på Torgallmenning og politisk samling på Fylkeshuset kl. 14.30. Besøk og innlegg av **Per Olaf Lundteigen**. Velkommen!

### **Fredag 11.august**

Etnemarknaden, besøk av **Ola Borten Moe** som er vår deltakar på den politiske debatten. Møt opp på stand og debatt! Her treff ein Sp- folk både frå Rogaland og Hordaland.

### **Laurdag 19.august** **Senterparti-valboda på Torgallmenningen** **opnar:**

Kom innom! Meld deg gjerne som frivillig standmedarbeidar – om du har høve til å hjelpe til denne dagen eller nokon av dei andre dagane fram til valet den 11. september.

### **Tysdag 22. august**

Partileiar **Trygve Slagsvold Vedum** vitjar Bergensområdet og Voss.

### **Måndag 28.august**

Parlamentarisk leiar **Marit Arnstad** vitjar Os, Tysnes, Fusa og Samnanger.

## To på tinget frå Hordaland Sp

Sommarferien står for døra, og hausten blir viktig. 11. september er det stortingsval, og vårt mål er at Norge skal få ei ny regjering med eit sterkt Senterparti.

Sjølv om meiningsmålingane varierer noko, er to på tinget frå Hordaland Sp vårt realistiske mål. Sp har ikkje lagt så godt an på fleire tiår. Vi har gode sjansar for å få to faste mandat på Hordalandsbenken etter 11.september.



### **Våre hovudsaker**

Senterpartiet vil ha ein ny politisk retning i Norge, som sikrar tenester nær folk, desentralisering, fellesskapsløysingar, folkestyre og aktiv næringspolitikk. Vi trur på heile Norge.

Då trengs trygge lokalsamfunn med fullverdige lokalsjukehus og eit nærpoliti som er til stades. Då trengs aktiv næringspolitikk der vi sikrar nasjonalt eigarskap til naturressursar og samfunnets infrastruktur. Då trengs mindre byråkrati, og meir til velferd ute i alle lokalsamfunn.

Senterpartiet er matpartiet – trygg mat er ikkje sjølvsgat. Sjølvforsyninga må styrkast, og det skal vere lønnsamt å produsere mat i Hordaland.

Eit samfunn med små forskjellar har alltid vore Senterpartiet sitt mål. Vi vil ha eit samfunn tufta på tillit, der folk tek ansvar for seg sjølv og fellesskapet. Der frivillige lag og organisasjonar får gode vilkår. Med eit arbeidsliv med respekt for alle yrke og trygghet for inntekt og pensjon.

### **Vi kjem gjerne på besøk**

På bildet står ein del av oss på Fjell festning, etter ein dag med godt politisk program i Øygarden, Sunn og Fjell. Vi vil gjerne ha fleire slike «oppdrag». Ta kontakt med lokallaget ditt om du har idè til besøk.



## Kva skjer i valkampen ?

Valkamp er hektisk, valkamp er dugnadsarbeid. Vi er klare til å gjere alt vi kan for å få fram Senterpartipolitikken og få mange veljarar til å stemme på oss. Vi må vere synlege i Hordaland i månadane og dagane fram mot valet. Her er nokre av dei planlagde aktivitetane som skjer:



### Valkampbussen vitjar Hordaland og Stord onsdag 26.juli!

Partileiaren **Trygve Slagsvold Vedum** vitjar alle fylke med buss i løpet av nokre sommarveker. Han kjem til Hordaland den 26.juli.

Det vert samling på **Leirvik på Stord den 26.julli frå 1500-1800**. Her vert det god mat, god musikk og god politikk. Trygve har med muskar Aasmund Nordstoga og eigen kokk.

Vi vonar at så mange som mogleg tek turen til Stord denne dagen. Før samlinga på Stord, skal bussen innom Meland/Knarvik ca. kl. 0830, Øyrane Torg i Arna ca. kl. 10 og Os ca. kl. 12, med korte pressestopp.

### Nær folk – aksjon i Bergen Laurdag 5. august.

Vi har stand på Torgallmenningen frå 11-14.30, der vi deler ut Sp-borsjyrer og kortreist mat. Vi får besøk av **Per Olaf Lundteigen**, som ca. kl. 1300 har duell mot MDG, eller annan mot-debattant på Torgallmenningen. Klokka 1430 samlast vi på Fylkesbygget for mat og politisk påfyll: Klar for valkamp!

### Etnemarknaden 11-13.august

Nestleiar **Ola Borten Moe** kjem til Etne fredag 11.august for å vere med på den politiske debatten som startar kl. 1600 i Kinosalen. Hordaland Sp markerer her starten på valkampen og håpar på godt oppmøte på stand og på debatt! 3.kandidat Hans Inge Myrvold er til stades i Etne heile helga. 1.kandidat Kjersti Toppe er til stades søndag.

**19.august** opnar Sp-boda på Torgallmenningen. Bli med oss der! Lokallaga har eigne aktivitetar, så følg med lokalt.

Parlamentarisk leiar **Marit Arnstad** tek turen til Hordaland den 28.august. **Trygve Slagsvold Vedum** kjem ein kort tur til Hordaland igjen den 22. august.

Sjekk gjerne vår internettside for meir informasjon.



## 2 månader til valet

Tida fram til 11. september går fort. Valkampen er viktig. Resultatet kan endre folks kvardag, og påverke samfunnets utvikling. Får dagens regjering fortsetje, vil sentraliseringspolitikken skje endå raskare. Valkamp skal vere kjekt. Det skal vere triveleg å vere med på Sp-laget!



Her på biletet over er Nils og Hans Inge - 2. og 3. kandidat i godt humør. Vi har jo ein partileiar som er kjent for den smittande latteren, så det skulle vel berre mangle? Godt humør hjelper i alle fall godt i ein hektisk valkamp.

Valet til hausten er noko vi skal vinne i lag. Ikkje kvar for oss. Då vi er alle viktige og nyttige på kvar vår måte i det politiske arbeidet. Enten ein er vanleg medlem, deltakar, bakkemannskap eller den som må i panelet. All støtte er kjærkommen. Det er medlemmane som er vår store styrke.

**Derfor vil vi invitere alle til å delta i Sp-valkampen i Hordaland. Men først:**

**God sommar til alle!  
Vi vil ynskje alle medlemmar,  
tillitsvalde og folkevalde i  
Hordaland Sp nokre riktig  
gode sommarveker.**



Frå «Bolle- på – båten» aksjonen i Nordhordland 23.juni. Der delte vi ut kaffi, mat og brosjyre til båt-pendlarane. Lindås, Radøy og Meland Sp var grytidleg oppe. Med godt humør!

**Velkommen til valkamp  
frå slutten av juli!**

**Helsing frå Valkamputvalet  
ved Kjersti Toppe og Nils T.  
Bjørke.**

**PS: Fylkeskontoret har  
ferieavvikling i veke 27-28-29,  
så ta gjerne direkte kontakt  
om det er ting som hastar.**



Kontaktinformasjon valkamputvalet:

Nils T.Bjørke, leiar, mobil 901 50 624, mail: [nils@bjorke.org](mailto:nils@bjorke.org)

Kjersti Toppe, mobil 40 286 286, mail: [kt@stortinget.no](mailto:kt@stortinget.no)

Jostein Ljones, fylkesleiar, mobil 905 15 901, mail: [josljo@kvam.kommune.no](mailto:josljo@kvam.kommune.no)